



Blåkkokka Barnehage AS  
Melandsvegen 38  
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1601 - 18/26318

Saksbehandlar:

Kristin Moe

kristin.moe@meland.kommune.no

18.12.2018

## Grunneigaravtale gnr. 10 bnr. 52, 53, 218

Meland kommune skal leggje nye vass- og avlaupsleidningar frå Holmeknappen til Tveit. I same grøft på delar av strekket skal det også leggjast kablar for fiber og veglys.

### Rettar til grunnen

I samband med utbygginga må kommunen ha ein avtale med dei grunneigarane som får leidningar lagde over sine eigedommar. Avtalen er ei standardavtale som blir brukt på tilsvarande anlegg i kommunen.

Meland kommune ber om at vedlagte avtaler vert underskrive, og ber dykk sende avtalene attende til Meland kommune p.b. 79, 5906 Frekhaug. Avtalene vil bli tinglyst og eit eksemplar vil bli sendt tilbake til dykk. Alle kostnader med tinglysing m.m. vil bli dekkta av kommunen.

Avtalen regulerer ikkje spørsmålet om pålagt tilknytning til leidningsnettet for grunneigarane, tilknytingsavgift og liknande. Slike forhold løysast av dei elles gjeldande lovregler og kommunale forskrifter.

### Erstatning/oppgjjer

Ulempeerstatning er ei eingongsutbetaling og Meland kommune har standard satsar. Kommunen har nettopp tatt ein gjennomgang av satsane og valt å auke ulempeerstatninga.

Ny ulempeerstatning er no satt til:

over full- og overflatedyrka mark	kr 30,- per m grøft (tidlegare 25,-)
over gjødsla beite	kr 20,- per m grøft (tidlegare 15,-)
over anna jord	kr 5,- per m grøft (tidlegare 2,50,-)
over produktiv skog	kr 16,- per m grøft
kummar	kr 3000,- per kum (ikkje gitt tidlegare)

Godgjeringa som er oppført i avtalen vil bli utbetalt etter at arbeidet er utført og etter målte lengder i terrenget.

\*\*\*\*\*

Dersom de har spørsmål eller merknader til utbygginga i høve til plassering m.m. kan de kontakte prosjektleiar Harry Finseth på tlf. 56171176 eller e-post [harry.finseth@meland.kommune.no](mailto:harry.finseth@meland.kommune.no).

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Fortau**

Statens vegvesen har planar om å byggje nytt fortau frå tidlegare Walde bygg som ligg på gbnr 10/85 til og med Blåkkokka barnehage som ligg på gbnr. 10/52. Fortauet er tenkt bygd oppå dei nye vass- og avlaupsleidningane. Ettersom det er usikkert når det nye fortauet vil bli bygd, går Meland kommune i gang med å inngå avtaler om legging av VA-leidningar no. Dei rørte grunneigarane vil derfor få både vederlag for legging av VA-leidningar frå Meland kommune, samt erstatning for kjøp av grunn til nytt fortau frå Statens vegvesen på eit seinare tidspunkt.

Med helsing

Kristin Moe  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Avtale mellom Meland kommune og Blåkkokka barnehage - GBNR 10.52

D1

D2

D3

D4

**Mottakere:**

Blåklokka Barnehage AS

Melandsvegen 38 5919

FREKHAUG